

Bacheloroppgåve

**Ei oppgåve om barnehagelærarar sitt arbeid  
med avdekking av seksuelle overgrep  
blant barna i barnehagen**

Hege Steinnes

Barnehagelærerutdanning  
BLUBA  
2017



HØGSKULEN  
I VOLDA

## **Innholdsliste**

<b>1.0 Samandrag</b> .....	4
<b>2.0 Innleiing</b> .....	6
<b>3.0 Teori</b> .....	7
3.1 Forsking og statistikk .....	7
3.1.1 Rapport frå Kripos .....	7
3.1.2 Rapport frå Utdanningsdirektoratet .....	8
3.2 Samfunnsmandat .....	9
3.3 Seksuelle overgrep .....	10
3.4 Avdekking .....	10
3.5 Teikn og signal hjå barn .....	11
3.6 Tabu .....	14
3.7 Samtalar .....	15
3.7.1 Naturleg seksualitet .....	16
3.7.2 Gode og vonde løyndomar .....	17
3.8 Foreldresamarbeid og meldeplikt .....	18
<b>4.0 Metode</b> .....	20
4.1 Kvalitativ metode .....	20
4.2 Datainnsamling intervju.....	20
4.3 Utval av intervjupersonar .....	21
4.4 Forskingsetiske omsyn .....	22
4.5 Kvalitet på forskinga .....	22
4.5.1 Forskarposisjonen og førforståinga mi .....	23
4.6 Analyse .....	23
<b>5.0 Presentasjon av empiri</b> .....	25
5.1 Naturleg seksualitet .....	25
5.2 Intervjupersonen sin kunnskap og røynsler med seksuelle overgrep .....	26
5.3 Avdekkingsmetodar .....	28
5.4 Barnehagen som avdekkingsarena .....	29
<b>6.0 Drøfting</b> .....	30
6.1 Naturleg seksualitet .....	30
6.2 Barnehagen som avdekkingsarena .....	32
6.3 Frå bekymring til handling .....	34

<b>7.0 Avslutning og konklusjon</b> .....	37
<b>8.0 Litteraturliste</b> .....	38
<b>9.0 Vedlegg</b> .....	40
Vedlegg 1 Samtykkjeskjema .....	40
Vedlegg 2 Intervjuguide .....	42

## 1.0 Samandrag

I denne bacheloroppgåva har eg valt å ha fokus på temaet avdekking av seksuelle overgrep blant barn i barnehagen. Dette er eit tema som eg har for lite kunnskap om, og som vil vere naudsynt for meg som komande barnehagelærer å ha kunnskap om.

Tilsette i barnehagen er i ei særstilling for å oppdage teikn på omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Dei er saman med barna fleire dagar per veke, over lengre tidsrom, i leik og oppgåver saman med barna, og dei ser barna i møte med andre vaksne og i kontakt med foreldre som hentar og bringar (Søftestad, 2009, s. 97). Kvillo (2015, s. 295) viser til tal frå statistisk sentralbyrå og internasjonale studiar, som viser at for få barn som er utsett for seksuelle overgrep blir oppdaga av fagfolk, og mange som arbeidar med barn har mangelfull kompetanse til å oppdage seksuelle overgrep. I tillegg har dei lite kunnskap om nyare funn innan forskning.

Eg vil som barnehagelærer vere saman med barna i barnehagen mange timar for dagen og har ein god sjanse for å oppdage og avdekkje moglege seksuelle overgrep mot barn. Difor er problemstillinga mi:

*Korleis arbeidar barnehagelærarar med å avdekkje seksuelle overgrep blant barna i barnehagen?*

Sidan eg har fått lite kunnskap om tema gjennom utdanninga, var eg interessert i å vite kva røynsler informantane hadde, kva fokus barnehagen som organisasjon har på tema og ulike arbeidsmetodar informantane nyttar.

### Metode

For å finne svar på problemstillinga mi valde eg å bruke eit kvalitativt intervju. Eg gjennomførte tre intervju i ulike barnehagar. Då eg skulle få tak i informantar tok eg eit strategisk utval, og på førehand sende eg ut førespurnad om dei hadde relevante røynsler og kunnskap. I etterkant av intervju analyserte eg innsamla empiri ved å samanlikne spørsmåla inndelt i kategoriar.

## **Resultat**

Alle informantane syntest temaet var vanskeleg, og at det er for lite fokus på avdekkingsarbeid av seksuelle overgrep i barnehagen. I barnehagen informanten som hadde vore med på avdekking av seksuelt overgrep hjå eit av barna, hadde dei hatt eit større fokus i etterkant. Informantane nytta ulike metodar for å sjå etter teikn på seksuelle overgrep blant barna. To av informantane hadde kjent på den vonde magekjensla, og fortalde korleis dei arbeidde ut i frå den. Dei einskilde informantane hadde mykje kunnskap om ulike arbeidsmetodar, og tok kunnskapen i bruk på ulike måtar.

## **Drøfting**

Eg valde å drøfte korleis barnehagelærarar arbeidar med naturleg seksualitet i barnehagen og om korleis barnehagen som organisasjon arbeidar og vektlegg arbeidet med avdekking av seksuelle overgrep blant barna i barnehagen. Her kunne eg sjå at mine funn og ny forskning ikkje er heilt samd. Vidare drøfta eg prosessen frå barnehagelæraren vert bekymra for eit barn og til ho handlar.

## 2.0 Innleiing

I denne oppgåva vil eg gjere greie for korleis barnehagelærarar arbeidar med temaet om avdekking av seksuelle overgrep blant barn i barnehagen.

Grunnen til at eg har valt å undersøkje avdekkingsarbeid av seksuelle overgrep i barnehagen er at eg har for lite kunnskap om dette temaet for å bli ein god og rusta barnehagelærar. Dette er eit alvorleg og viktig tema som eg må ha kjennskap til for å kunne opptre kompetent. Så problemstillinga mi vart dermed *korleis arbeidar barnehagelærarar med å avdekkje seksuelle overgrep blant barna i barnehagen?*

I problemstillinga er det nokre sentrale omgrep som eg vil definere. Avdekking er ifølgje Søftestad (2009) prosessen der ein hemmeleg overgrepsrelasjon blir gjort kjent for andre. Kvello (2015, s. 275) definerer eit seksuelt overgrep mot barn og unge som alle handlingar som tydeleg krenkjer den seksuelle integriteten deira, og er upassande seksuell kontakt.

Innleiingsvis i oppgåva vil eg trekkje fram to rapportar, samfunnsmandatet og relevant teori. I neste del tek eg føre meg val av metode, før eg vidare presenterer innsamla empiri. I drøftingsdelen vil eg drøfte datamaterialet i lys av relevant teori og forskning, der mine funn får fokus. Til slutt i oppgåva presenterer eg min konklusjon av korleis mine intervjupersonar arbeidar for å avdekkje seksuelle overgrep blant barnehagebarn.

## 3.0 Teori

I denne delen vil eg byrje med å sjå på to nyare rapportar som handlar om seksuelle overgrep mot barn. Vidare vil eg ta føre meg kva den nye *Rammeplanen for barnehagen* (Kunnskapsdepartementet, 2017) seier, og om opplysningsplikta barnehagen har til barneverntenesta. Eg deler inn relevant teori etter ulike tema under avdekkingsarbeidet som støttar opp om problemstillinga mi om korleis barnehagelærarar arbeidar for å avdekkje seksuelle overgrep.

## 3.1 Forsking og statistikk

### 3.1.1 Rapport frå Kripos

Den første rapporten eg vil presentere er ein rapport frå Kripos (2016). Kripos har eit særskilt ansvar som kompetansesenter og bistandsorgan innan seksuelle overgrep. Rapporten inneheld kunnskap Kripos har utvikla gjennom arbeid med straffesaker som gjeld seksuallovbrot mot barn. Kripos skriv i rapporten at seksuelle overgrep mot barn er ein av dei mest alvorlege formene for kriminalitet. Fordi barn i liten grad er i stand til å verje seg mot overgrep, og har ofte vanskar med å fortelje om dei. Det er difor heilt avgjerande at ansvarlege personar rundt dei avdekkjer overgrepa og melder frå til politiet eller andre relevante instansar (2016, s.3). Antal anmeldelser for seksuell omgang med barn under 10 år i 2015 var 169 stykk, og antal barn under 14 år var 358. Likevel hevdar Kripos at tala frå politiregisteret og domstolane ikkje er tilstrekkelege, då det er store mørketal. Underrapportering er eit stort problem, og gjeld særskilt for gutar. Allereie frå dei er svært små synast det å vere skambelagt for gutar å skulle fortelje om opplevde overgrep.

Årsaker til at barn teier kan vere at det er ein løyndom mellom barn og overgripar, eller barnet har blitt trua (Kripos, 2016, s. 8). I 20 % av sakene vart barnet utsett for overgrep i ei periode på over tre år. I 4% av forholda var barnet i aldersgruppa 0-4 år- fem jenter og ein gut, og i 33 % av forholda var barnet i alderen 5-9 år- fem gutar og 41 jenter.

Det er vanskeleg for barn å fortelje om seksuelle overgrep, og det er difor viktig at tillitspersonar i nær omkrins får opplæring i å kjenne att særskilde teikn på overgrep hjå barn, og i korleis ein kan hjelpe barna vidare. Kripos viser til rapporten *Takk for at du spør*, der Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress presenterer resultat frå ein undersøking, der dei kartla kunnskap frå 187 førskulelærarar om overgrepsutsette barn. Ein fjerdedel svarte dei ikkje har fått eller ikkje veit om dei har fått undervisning om fysisk vald og seksuelle overgrep mot barn. 8 av 10 svarte dei hadde fått utilstrekkeleg kunnskap om fysiske og seksuelle overgrep mot barn med omsyn til sitt framtidige yrkesarbeid. Den manglande opplæringa kan føre til at barnehagen ikkje fangar opp typiske signal frå barn som er utsett for overgrep, men som ikkje fortel om det direkte (Kripos, 2016. s.18- 19).

### **3.1.2 Rapport frå Utdanningsdirektoratet**

Den andre rapporten eg har valt å ta med er ein forskingsrapport frå Trøndelag forskning og utvikling, på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet (Naper et al., 2017). Rapporten er ei årleg spørjing retta mot barnehagesektoren, der dei såg på rutine til barnehagen som organisasjon for å førebyggje og oppdage vald og seksuelle overgrep.

Barn skal vere trygge i barnehagen, og barnehagestyrarane opplyser at det er stor merksemd i personalgruppa rundt temaet vald og seksuelle overgrep mot barn. 92 prosent av barnehagane har teke opp temaet i personalgruppa siste året. Berre 30 prosent av barnehagestyrarane svarer derimot at dei har faste rutinar for å ta opp problematikk rundt vald og seksuelle overgrep mot barn. 24 prosent opplyser at dei har faste rutinar knytte til å ta opp tematikken rundt det at tilsette kan gjere eller få skulda for overgrep i barnehagen.



### **3.2 Samfunnsmandat**

*Rammeplan for barnehagen* (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 31) seier at barnehagen skal bidra til at barna blir kjent med kroppen sin, og utviklar medvit om egne og andre sine grenser. Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna set grenser for eigen kropp, og respekterer andre sine grenser. Vidare står det at personalet skal ha eit medvite forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og vite korleis dette kan bli førebyggt og oppdaga (KD, 2017, s. 13).

Ifølgje *Rammeplan for barnehagen* (KD, 2017, s. 13) skal personalet kjenne til opplysningsplikta til barnevernet.

#### **§ 22. Opplysningsplikt til barneverntjenesten**

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side.

Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten, når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt (...) Opplysninger skal normalt gis av styrer.

(Barnehagelova, 2005).

Lilleberg og Rieber- Mohn (2010, s. 15-19) skriv at tilsette i barnehagen har ein avgjerande betydning for barnevernet sitt arbeid for å hjelpe barn på ein rett måte. Dersom tilsette har ei varig bekymring i ei sak skal ein melde inn bekymringa på nytt. Dette gjeld sjølv om ein veit at barnevernet er alt involvert, og om ein har meldt same forhold tidlegare. Å vise vidare til andre instansar frigjer ein ikkje frå meldeplikta. Er ein bekymra for at eit barn blir utsett for eit seksuelt overgrep, er ein pliktig å melde bekymringa til sitt lokale barnevernkontor.

### **3.3 Seksuelle overgrep**

Aasland (2014, s. 33-34) skildrar seksuelle overgrep som når ein autoritetsperson tvingar, lokkar eller truar barnet til å delta i eller sjå på seksuell omgang, handling eller åtferd. Seksuelle overgrep mot barn omfattar alle former for fysiske og/eller psykiske seksuelle overgrep eller krenkingar utført av nokon barnet kjenner eller ikkje kjenner.

Kvello (2015, s. 275) sin definisjon på eit seksuelt overgrep mot barn og unge er alle handlingar som tydeleg krenkjer den seksuelle integriteten deira, og er upassande seksuell kontakt. I mest alvorleg form inkluderer det vaginal, oral og anal stimulering og inntrenging. Barn og unge med særskilde behov er oftare utsett for seksuelle overgrep enn andre barn, og ifølgje Kvello viser eldre studiar at barn med funksjonshemmingar utsettast to til tre gongar så ofte. Seksuelle overgrep skjer på tvers av sosiale klasser, men barn i familiar med mange risikofaktorar og stress er meir utsett enn andre barn (Kvello, 2015, s. 285).

### **3.4 Avdekking**

Ifølgje Søftestad (2009, s. 87-88) er avdekkingsprosessen der ein hemmeleg overgrepsrelasjon blir gjort kjent for andre. Denne avdekkingsprosessen kan grovt delast i to hovudgrupper. I den første gruppa fortel barnet om det seksuelle overgrepet, medan i den andre gruppa blir overgrepet avdekt som følgje av andre menneske sitt initiativ. Her er det 75 prosent av tilfella blir avdekt.

Det er fire sentrale forhold for avdekking. For det første er forsinka avdekking vanleg og det går ofte mange år frå første seksuelle overgrep til det blir avdekt. For det andre blir mesteparten av dei avdekte seksuelle overgrepa avdekte ved at andre menneske tek aktivt initiativ for å få barnet til å fortelje. Vidare er det mest vanleg at overgrepshistorier avslørast først ovanfor privatpersonar, som mødrer eller jevnaldringer. Det siste forholdet for avdekking er at seksuelle overgrep avdekkast gjennom ulike avdekkingsgangar. Døme på avdekkingsgangar er spontan avdekking der barnet fortel spontant, eller trinnvis avdekking der barnet fortel stykke av historia til ulike personar til ulike tider. Det kan skje gjennom avdekking til jevnaldringer, via barn med same overgripa eller gjennom avdekking i privat

regi der ein person i barnet sitt nettverk tek initiativ til samtalar for å få avklart mistankane sine (Søftestad, 2009, s. 89).

Målet med avdekking av seksuelle overgrep er ifølgje Kvello (2015, s. 287) å oppdage barn som treng beskyttelse, og ikkje mistenkje utan grunn. Dei som forgrip seg på barna vedgår det sjeldan, så det er offeret som må fortelje. Barnet sin alder påverkar sannsynet for å fortelje. Når dei blir eldre og veit meir om tabu knytt til seksuelle overgrep, kjenner dei meir på sitt eige og kanskje andre sitt ubehag ved å fortelje. Mange barn som har vore utsett for overgrep testar ut den dei snakkar med om dei toler å høyre løyndomen deira, først ved å gje teikn, før dei seier heile sanninga. Om den dei snakkar med ikkje får det med seg, vil barnet ofte ikkje fortelje meir om hendingane (Kvello, 2015, s. 288). Gamst (2011, s. 88) fortel det er mange føresetnader som skal vere oppfylt for at eit barn skal opne seg og fortelje om seksuelle overgrep. Ho trekk fram at barn som har vore utsett for seksuelle overgrep rapporterer om røynsler som å ikkje bli spurt. Ifølgje Nordhaug (2014, s. 81) forstår barn ut i frå situasjonen at dei ikkje skal fortelje om det, eller dei blir trua til å ikkje fortelje om det. Barn kan også tru det er vanleg, og prøvar å forstå det i ulike samanhengar dei møter elles i livet og i kvardagen. Det er ofte slik barn i barnehagen avslører det dei er utsette for. Dei har ofte ikkje ein intensjon om å avdekkje overgrepet, men opplever noko som minner dei på hendingar knytt til overgrepet.

### **3.5 Teikn og signal frå barn**

Skarpsno (2013, s. 49) skriv at det kan vere vanskeleg å oppdage barn sine signal på at dei har vore eller blir utsett for seksuelle overgrep. Barn utviklar overlevingsstrategiar som grovt kan delast inn i to kategoriar. I den første kategorien er dei som er overdrivne tilpassa. I den andre kategorien er dei som utviklar ein aggressiv, utagerande, hyperaktiv og/eller ein destruktiv åtferd. Det er lettast å oppdage barna i den andre kategorien. Dei andre barna justerer seg etter miljøet sine forventningar. Dei kan også stå fram som svært omsorgsfulle og tilpassingsdyktige.

Barn kan gje ulike signal på at noko er gale, det vil variere ut i frå barnet sin alder. Dei aller minste vil ikkje kunne seie noko, men vere ekstremt redde ved bleieskift og når dei blir lagt på stellebordet. Andre barn er apatiske, slappe og responderer lite når du prøvar å få kontakt på stellebordet. Etter kvart kan barna prøve å fortelje om det som skjer både verbalt og nonverbalt. Dersom ingen rundt dei oppfatta signala eller tek åtferda på alvor, vil barnet resignere (Aasland, 2014, s. 66).

Barn som blir utsett for seksuelle overgrep, kan gje veldig vage signal på at noko er gale. Dei aller fleste som har vore utsett for grove og gjenteke seksuelle overgrep, seier at «dei» må ha visst det. «Dei» er lærarar eller andre som barnet møter ofte. Barnet prøvar å seie noko, men den vaksne fangar ikkje opp signala ( Aasland, 2014, s. 72-73). Likevel er det nokre signal som er meir typiske for barn som utsettast for seksuelle overgrep. Dei kan gå tilbake i utvikling, få søvnproblem og nokre kan bli deprimerte og triste. Andre signal er å vere uttrykkslaus eller veldig glad, få åtferdsending, vere seksuelt utagerande, veldig stille eller veldig aktive og hjå nokre kan ein sjå kroppslege somatiske teikn ( Aasland, 2014, s. 73-82).

Ifølgje Myhren og Steinbekk ( 2000, s.49-50) kan tankar hjå fagpersonar om at barn kan vere utsett for eit seksuelt overgrep, vekkast av signal som barnet sender. Desse signala er som koder, som må tydst og tolkast om barnet skal få hjelp. Ulike personar tolkar desse signala ulikt. Seksuelt misbrukte barn sender ofte dobbeltsignal, der åtferda viser at dei er misbrukt, men dei nektar for det kommunikativt. Det handlar om eit ynskje om å avsløre overgrepa, men dei er redde for konsekvensane. Barn som er seksuelt misbrukte nyttar ofte kamuflerte måtar å fortelje det på. Det kan vere kamuflerte ord, eller teikningar.

Akseldotter ( sitert i Myhren og Steinbekk, 2000, s. 49- 50) skil også mellom vage og tydelege signal på seksuelle overgrep. Vage signal er dei ein kan ha fått ei kjensle av. Tydelege signal er når barnet fortel tydeleg. Ved dei minste barna som ikkje har verbalt språk, kan vi sjå tydelege signal ved fysiske skader. Ein finn sjeldan fysiske teikn på seksuelle overgrep, så indikasjon gjennom åtferd er svært viktig. Difor er observasjon som metode særst godt eigna for å avdekkje seksuelle overgrep.

Ifølgje Claussen ( 2001, s. 81) bør personalet i barnehagen registrere og observere seksualisert språk og åtferd hjå barna. Dersom vi observera det bør vi sjå nærare på forhold som er utløysande og forsøkje å gje ei mest mogleg konkret og spesifisert framstilling av åtferda. Ettersom årsaksforholda kan vere samansette og kompliserte, bør registrerte observasjonar eventuelt vurderast av, eller i samarbeid med fagfolk med særskild kompetanse.

Aasland ( 2004, s. 57) hevdar at ikkje all seksualitet er teikn på overgrep. Det er viktig å vite noko om vanleg seksuell åtferd hjå barn slik at vi ikkje overdramatiserer og tek seksuell leik som eit bevis på at dei er utsett for overgrep. Vi skal ikkje tru at alle barn som brukar seksuelle ord, ser på tissen til kvarandre, er nakne saman eller ligg opp på kvarandre har vore utsett for eit seksuelt overgrep. Barn er interessert i kroppen sin, og også i kjønnsorgan. Det er naturleg for barn å utforske desse, både sine egne og andre barn sine.

Vi skal stole på magekjensla vår ifølgje Aasland ( 2014, s. 70-71). Ho fortel at når vi får ei dårleg magekjensle er det noko med barnet som gjer oss uroleg. Vi kan snakke med kollegaer, kanskje kan det vere at andre også opplever at noko er gale. Claussen ( 2001, s. 14-15) skriv at erfarne pedagogar kjenner att desse vonde magekjenslene. Dei er vanskelege å hanskast med, og dei gir ei kjensle av ubehag i form av magekjensle og udefinierbar bekymring. Eit kjenneteikn ved ei slik magekjensle, er at vi har vanskar for å klargjere kvifor vi har den. Vi har berre ei kjensle av at forholda ikkje er som dei burde vere. Det er vanskeleg å seie generelt om kva som er årsaka til desse kjenslene. Det kan ha sin bakgrunn i praksis- og livsrøynsler og det vi kallar intuisjon: eg veit ikkje kvifor, men eg kjenner at situasjonen ikkje er som den burde. Eit anna trekk ved slike intuitive kjensler er at vi ofte ikkje forholder oss rasjonelt og aktivt til dei. Ettersom vi ikkje har klart for oss kvifor vi har desse kjenslene, kan vi heller ikkje heilt vite korleis vi bør forholde oss til dei. Vi kan gje barnet ekstra støtte og oppfølging, eller nøye oss med å vere litt bekymra. Eit fellestrekk ved diffuse bekymringsfasar er at dei vala vi gjer, anten dei medfører passivitet eller ein annan form for handling, ikkje har sin basis i medvitne profesjonelle vurderingar. Vi føler med magen og handler på grunnlag av magekjensla.

Ifølgje Aasland ( 2004, s. 84-87) kan mangel på kunnskap vere grunnen til at så få barn får hjelp. Ho skriv at vi kanskje ikkje vågar, er redde for å ta feil og let vere å gjere noko. Eller vi tør ikkje å melde den mora eller den faren, men det skal vi heller ikkje. Det er bekymringa vi skal melde, ikkje ein person. Våre bekymringar for eit barn startar ofte med ein uro, ei bekymring eller ei magekjensle. Aasland påpeikar at allereie her kan vi bestemme oss for å ta magekjensla på alvor. Ho meiner at dersom alle tilsette hadde følgd anbefalt framgangsmåte i seksuelle overgrepssaker, ville nok fleire barn fått hjelp.

### **3.6 Tabu**

Tabu er dei tema ein ikkje snakkar om i kulturen. Det er det som er så forbode eller så privat at ein ikkje snakkar ope om det til sine aller nærmaste ( Lilleberg & Rieber- Mohn, 2010, s. 28). Tabuisering betyr eit sosialt forbod mot å gjere synleg eller fortelje. Tabu mot incest finnast i nesten alle kjente kulturar, og tabuet kan verke på to ulike måtar. Det kan vere førebyggjande som eit hinder mot at vaksne utfører seksuelle handlingar mot barn, eller på den andre måten som ugyldiggjerande. Då fungerer det som eit hinder mot at overgrepet snakkast om av overgriparen, av det utsette barnet og av andre som blir kjent med at eit seksuelt overgrep har gått føre seg.

Søftestad ( 2009, s. 25-38) hevdar at kunnskap om seksuelle overgrep mot barn møtast med sterke og motstridande kulturelle krefter. Både praktikarar og teoretikarar vil hevde at barneovergrep framleis er tabu i vår kultur. Redd barna ( s.a). hevdar temaet om seksuelle overgrep er svært tabubelagt, og vert knytt saman med forteiing, skyld og skam. Vald og overgrep påfører barn smerte og skader som nokre høve kan vare livet ut. Terskelen for å gripe inn i familiar er stor.

### 3.7 Samtalar

Ninio og Snow ( sitert i Gjems, 2011, s. 46) skriv at samtalar og språk er viktige arenaer for kunnskapstilegnelsen til barna, og er eit sentralt grunnlag for å støtte og stimulere kunnskapsbygging og læring.

Ifølgje Øvreeide ( 2009, s. 12-13) er ein samtale eit møte mellom personar med ulike forventningar og lojalitet. Å samtale med barn har ofte blitt oppfatta som vanskeleg, og blir difor unngått. Det er altfor få samtalar med barn i utrygge situasjonar; om kva dei har opplevd, kva dei opplever, kva som skjer og kva som skal skje. Gamst ( 2011, s. 17) skriv at det er fagleg og personleg krevjande å samtale med barn om vanskelege og sensitive tema. Å ta inn eit barneperspektiv krev kunnskap, mot og tryggleik hjå deg som fagperson.

Søftestad ( 2009, s. 185- 188) skriv om ulike typar samtalar som ein kan planleggje på førehand. Det kan vere avdekkjande samtalar, strukturerande samtalar og informasjonsgjevande samtalar. Likevel oppstår det i mange tilfelle viktige spontane samtalar på bakgrunn av ei konkret hending, også kalla gylne augeblikk ( Søftestad, 2009, s. 192).

Kvardagssamtalane er den forma for språklege interaksjonar som vi finn mest av i barnehagen. Desse samtalane kjem spontant i alle ikkje-planlagde interaksjonar mellom barn og mellom barn og barnehagepersonale. Det kan vere under leikeaktivitetar, i garderoba og på badet. I kvardagssamtalane kan partane snakke saman medan dei gjer ulike aktivitetar, og samtalane kan dreie seg om anten det ein gjer, eller noko heilt anna (Gjems, 2011, s. 43). Også under planlagde aktivitetar der dei vaksne har klare intensjonar, får barn gjerne assosiasjonar dei ynskjer å snakke med ein vaksen om. Kvardagssamtalane er difor viktige læringsarenaer (Gjems, 2011, s. 48).

Barn kan fortelje om overgrep til nokon dei er trygge på. Det kan vere naudsynt at den vaksne tematiserer seksuelle overgrep som noko som skjer, for å gje barna innsikt. På den måten kan det vere lettare å fortelje, sidan det var skapt ei anledning til å fortelje (Aasland, 2014, s. 42-43).

### **3.7.1 Naturleg seksualitet**

Høgskulelektor Walsøe Lehn ved DMMH, spør i ein kronikk (2016) om korleis eit barn skal ha mot til å seie i frå at nokon gjer ting med kroppen deira, når vi ansvarlege rundt ikkje vil snakke om det, eller sette fokus på det naturlege kroppslege? Mange barn som blir utsett for vald og overgrep trur det skal vere slik. Mange trur også dei sjølve har skuld. Walsøe Lehn viser til Øvereide som hevdar at omsorga og merksemda frå den som utfører overgrepet er veldig godt skjult, og det er vanskeleg for barnet å avdekkje at det er eit overgrep det blir utsett for. Difor er det viktig å ikkje leggje ansvaret på barna og tru at dei kan avdekkje overgrepa sjølve.

Aasland (2015, s. 77-78) skriv at vi skal snakke med barna om seksualitet. Når vi skal snakke med barn om seksualitet, så må vi snakke om heile kroppen. Det beste er om barna får snakke om det før dei byrjar på skulen. Ho påpeikar at seksualitet kan vere eit veldig sårbart tema blant barnehagetilsette. Mangel på kunnskap om kva som er vanlege og uvanlege seksuelle uttrykk, kan splitte personalgrupper. Barn sin seksualitet handlar om forholdet deira til eigen og andre sin kropp. Vi må lære barna at dei har lov å bestemme over eigen kropp, og dei har lov å seie nei og stopp. Barna må få kompetanse på å seie nei og sette grenser. Dei må bli meir medvitne på kva dei likar, og kva dei ikkje likar og vil vere med på (Aasland, 2015, s. 84-85).



Aasland ( 2015, s. 104-108) spør om korleis vi kan snakke med barn om seksualitet og kropp? Nokre barnehagetilsette antek at foreldra tek ansvar for å snakke med barna sine, andre droppar heile temaet. For å bevisstgjere barna kan dei få teikne kroppane sine og snakke om kroppen, venskap og kjærastar. Vi kan snakke om at to vaksne som er forelska og glad i kvarandre også kosar med kvarandre sine kroppar.

Skarpsno ( 2013, s. 49) meiner barna sin seksualitet må bli sett på dagsorden i barnehagen. Minst årleg bør det vere oppe som tema på personalmøte. På den måten kan personalet få reflektere over enkeltbarn, og korleis dei arbeidar med seksualitet på sin avdeling.

### **3.7.2 Gode og vonde løyndomar**

Ifølgje Aasland ( 2014, s.105) må vi snakke med barna om gode og vonde løyndomar. La dei kome med eksempel på kva ein god, og kva ein dårleg løyndom er. Vi må også snakke om gode/lovlege/ rette og vonde/ ulovlege/gale berøringar. Framgangsmåten kan brukast på mange andre tema som mobbing og grensesetting. Utgangspunkt for samtale kan vere teiknefilm eller å bruke bøker. Barn fortel ting til vaksne spontant, eller i grupper. Vi kan stille opne spørsmål eller spørje om barna vil fortelje meir om det ( Aasland, 2014, s. 106-107).

Barn frå to til seks år fortel sjeldan om det dei opplever, men prøvar å lage ei meining ut i frå hendingar i eige liv. Seksåringane kan ha ei forståing av seksuelle overgrep, men vil framleis identifisere seg med heimen og foreldra. Dei kan tenkje det har med sine egne eigenskapar å gjere, og å fortelje noko negativt om foreldra blir då å fortelje noko negativt om seg sjølv. Den viktigaste grunnen til at dei ikkje fortel er at dei fryktar konsekvensen av å fortelje. Dei driver eit eige tryggleiksarbeid rundt sine egne røynsler, og redselen kan vere truslar, forståing av kva som kan skje, og angst for kva andre vil tenkje om dei (Nordhaug, 2014, s. 87-88).

### **3.8 Foreldesamarbeid og meldeplikt**

Ifølgje Claussen ( 2001, s.18) gir dagleg kontakt med foreldre eller andre nære omsorgspersonar gode moglegheiter for å danne seg eit bilete av kva forhold dei har til barnet. For eksempel ved å sjå på samhandlinga i hente- og bringesituasjonane. Claussen (2001, s. 124) hevdar vidare at dersom dei tilsette i barnehagen er usikre på om barnet sin situasjon ikkje er tilfredsstillande, har dei plikt til å ta dette opp med foreldra. Dersom vi har eit godt samarbeid med foreldra, kan det vere aktuelt å drøfte situasjonen med eksterne samarbeidspartnarar, saman med foreldra. Foreldra skal ikkje informerast dersom ein mistenkjer eit seksuelt overgrep.

Når ein barnehagelærer oppfattar at dei har grunn til sin mistanke om at eit barn er utsett for eit seksuelt overgrep, inntreffer meldeplikta til barneverntenesta (Eriksen og Germeten,2014, s. 154). I slike tilfelle skal ikkje foreldra bli varsla før ei bekymringsmelding blir sendt. Dette gjeld fordi mistanken om seksuelle overgrep kan vere knytt til at ein eller begge foreldra, eller andre i familien, kan vere overgriparen, og ei melding til barnevernet kan utsette barnet for ytterlegare fare. Ifølgje Gamst ( 2011, s. 23) opplever barnehagetilsette det som vanskeleg å vurdere om eit barn er utsett for eit seksuelt overgrep, og dei synast det er vanskeleg å melde saker til barnevernet. Den daglege samhandlinga med foreldre eller andre omsorgspersonar gjer at det oppstår dilemma og krevjande vurderingar ved bekymring for eit barn.

Eriksen ( sitert i Eriksen og Germeten, 2014, s. 183) skriv at det er ulike årsaker til at personalet lar vere å sende inn bekymringsmelding. Det kan kome av ei manglande opplæring i arbeid med bekymring og identifisering av teikn og omsorgssvikt, bekymring for å gjere urette vurderingar, eller ein er usikker rundt reglane om opplysningsplikt. Andre grunnar kan vere barnevernet sitt negative rykte via media, og det er høg terskel for å ta kontakt med barnevernet, og ikkje minst at ein er bekymra for at meldinga skal skade samarbeidet med foreldra.

I neste kapittel vil eg gå vidare inn på ulike val eg har gjort knytt til arbeidsmetode for å finne relevant informasjon til problemstillinga mi om korleis barnehagelærarar arbeidar for å avdekkje seksuelle overgrep blant barnehagebarn.

## **4.0 Metode**

I denne delen vil eg gjere greie for val av metode og informantar som eg valde for å kunne svare på problemstillinga mi om korleis barnehagelærarar arbeidar for å avdekkje seksuelle overgrep blant barnehagebarn. Eg har sett på forskingsetiske omsyn, korleis eg best mogleg kunne sikre kvalitet på undersøkinga, og vidare korleis eg analyserte innsamla data.

### **4.1 Kvalitativ metode**

Metoden er reiskapen mitt i møte med det eg vil undersøke, og den skal hjelpe meg å samle inn data. Eg valde ei kvalitativ metode for då kunne eg gå i djupna, og få inn førstehandsrøynsler i barnehagane. Ved å bruke ei kvalitativ metode kunne eg få sjå korleis barnehagelærarar arbeidar med å avdekkje seksuelle overgrep innanfrå. Alternativet var å bruke kvantitativ metode som gir data i form av målbare einingar, men ut i frå problemstillinga vurderte eg det til at eg ville få eit betre utbytte av å bruke ei kvalitativ metode (Dalland, 2017, s. 112-113).

Kvalitativ metode vektlegg betydning, og gir innsikt i menneskelege uttrykk eller åtferd. Ved å ha ein induktiv tilnærming, søker eg kunnskap på eit område der det finnast lite kunnskap på førehand. Kvalitativ forskning har ei rekkje innsamlingsmetodar som til dømes observasjon, dokumentanalyse og intervju ( Bergsland & Jæger, 2016, s. 66-67).

### **4.2 Datainnsamling intervju**

Eg valde eit kvalitativt forskingsintervju då det er den intervjuforma som kan hjelpe meg å finne svar på problemstillinga mi om korleis barnehagelærarar arbeidar for å avdekkje seksuelle overgrep blant barna i barnehagen. Eg utforma ein strukturert intervjuguide der spørsmåla vart satt opp i ei bestemt rekkefølge, og eg starta med ukontroversielle spørsmål som bakgrunnsinformasjon om intervjupersonen for å få ein god start på intervjuet (Løkken og Sjøstad, 2013, s. 111). Eg laga meg fleire oppfølgingsspørsmål som eg kunne ta i bruk for å få dekkjande beskrivingar, men det vart også nokre spontane spørsmål som eg lurte på

undervegs. Eg var ute etter spesifisitet, som er konkrete arbeidsmetodar som intervjupersonane brukar eller har røynsler med (Dalland, 2017, s. 156-157).

Gjennom intervjuet brukte eg lydopptak. For å få best mogleg kvalitet på samtalen var det viktig å få vere uforstyrra på eit eige rom under intervjuet, og at spørsmåla mine var relevante og tydelege (Dalland, 2017, s. 174-175).

### **4.3 Utval av intervjupersonar**

Då eg skulle finne intervjupersonar nytta eg eit strategisk utval. Det vil seie å sikre at personane hadde kunnskap eller røynsler om arbeidet med å avdekkje seksuelle overgrep blant barnehagebarn (Dalland, 2017, s. 165). Eg tok kontakt med styrarar og barnehagelærarar i mange ulike barnehagar for å høyre om dei hadde kunnskap og røynsler, og om dei kunne vere interessert i å ta del i mi bacheloroppgåve. Etter at eg fekk positivt svar frå tre intervjupersonar, sendte eg ut samtykkjeskjema og intervjuguide. Då fekk dei tid til å førebu seg, og eg vurderte det til at eg ville få meir utfyllande svar.

For å sikre anonymitet gjennom oppgåva har eg valt å presentere intervjupersonane med fiktive namn. Første intervjuperson er Lene. Ho er utdanna førskulelærar, har jobba i barnehage i 10 år og er pedagogisk leiar for tre-fireåringar. Andre intervjuperson er Eva. Ho er utdanna førskulelærar, har også jobba i barnehage i 10 år, og er pedagogisk leiar for ei storbarnsavdeling tre-fem år. Den siste intervjupersonen presenterer eg som Randi. Ho er også utdanna førskulelærar. Ho har jobba i barnehage i 13 år, og er pedagogisk leiar for ei storbarnsavdeling med barn frå tre-seks år.

#### **4.4 Forskingsetiske omsyn**

Når eg skulle ut i feltet å ha intervju var eg avhengig av å få tillit til intervjupersonane, og dei trengde tillit til meg. Eg måtte vere merksam og ta vare på informantane mine, og når eg skulle gjennomføre eit strukturert forskingsintervju om dette sensitive temaet, var det nokre forskningsetiske vurderingar eg måtte ta omsyn til. Dei nasjonale forskningsetiske komitear har utarbeidd forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi (Dalland, 2017, s. 98). Desse retningslinjene går ut på blant anna å sikre anonymitet til informantane. Eg måtte aidentifisere opplysningar, sikre informert, frivillig samtykkje, og informere om at eg og rettleiar har teieplikt (Dalland, 2017, s. 100-105). Dette gjorde eg gjennom eit samtykkjeskjema. Innsamla informasjon oppbevarte eg på ein passordbeskytta pc, og alt materiale vert sletta etter innlevert oppgåve.

#### **4.5 Kvalitet på forskinga**

For å få best mogleg kvalitet på undersøkinga mi måtte den bli utført mest mogleg påliteleg, og det eg samla inn av informasjon måtte vere relevant og gyldig. Metoden skal gje truverdig kunnskap, og krava til validitet og reliabilitet må vere oppfylt. Validitet står for relevans og gyldigheit, medan reliabilitet står for pålitelegheit (Dalland, 2017, s. 52).

For å sikre reliabilitet brukte eg lydopptak for då kunne eg høyre opptaket fleire gongar under transkriberinga i etterkant, og det vart rom for mindre feiltolkingar. For å få ei valid undersøking tok eg eit strategisk utval av intervjupersonar, i tillegg til at eg måtte være ærleg om innsamla empiri. Reliabiliteten er også avhengig av om intervjupersonane fortel faktiske eller ynskja forhold, eller dei fortel det eg vil høyre. I tillegg er eg merksam på at andre barnehagelærarar kunne gitt annan empiri, og for eksempel dagsform og førebuing kan ha påverka empirien. Korleis eg tolka spørsmåla undervegs i intervjusituasjonen har kunna påverka oppfølgingsspørsmåla mine, og også måten eg stilte spørsmåla kan ha hatt betydning for resultatet. Førforståinga mi kan også påverke ved at eg mistolka eller la vekt på andre ting enn det informanten ville ha gjort. Å få til eit godt intervju er svært personavhengig, og jo betre eg meistra metoden jo betre resultat kunne eg få (Dalland, 2017, s. 114-115).

### 4.5.1 Forskarposisjonen og førforståinga mi

Ifølgje Dalland ( 2017, s. 117) er det viktig at eg som forskar var medviten mi førforståing då eg skulle gå inn i ei undersøking. På den måten kunne det vere lettare å leite etter data som eventuelt kunne vere med å avkrefte dei forklaringane av problemstillinga som eg sjølv hadde funne i forkant av undersøkinga. Mine røynsler frå barnehagefeltet var at barnehagetilsette såg etter teikn frå seksuelle overgrep, og når dei såg teikn kunne dei gå lenge med den vonde magekjensla. I tillegg hadde eg ei forståing av at mange barnehagelærarar manglar kunnskap om ulike måtar å jobbe med avdekking av seksuelle overgrep på.


### 4.6 Analyse

Etter eg hadde transkribert alle intervju, valde eg å dele inn empirien i fire kategoriar. Den første kategorien omhandla spørsmåla om barnehagelæraren sitt arbeid med naturleg seksualitet og grensesetting i barnegruppa. I andre kategorien gjekk eg inn på informanten sin kunnskap og røynsler med avdekking av seksuelle overgrep blant barnehagebarn.

Subkategoriar her var tabuisering, teikn på seksuelle overgrep, den vonde magekjensla og om intervjupersonen hadde vore med på å avdekkje eit seksuelt overgrep. Vidare i neste kategori gjekk eg inn på ulike avdekkingsmetodar som samtale, bruk av litteratur og andre røynsler.

Siste kategori eg valde å analysere empirien i var barnehagen som avdekkingsarena. Der spurte eg spørsmål om kva fokus og tiltak barnehagen har på temaet om avdekkingsarbeid av seksuelle overgrep blant barnehagebarna.

For å visualisere arbeidet med analysen har eg valt å setje inn ein figur.



Etter at eg hadde delt inn spørsmåla i kategoriar gjekk eg gjennom kvart enkelt spørsmål, og samanlikna svara til dei einskilde intervjupersonane. Eg ville ha med kva dei var like i, sjå etter samanhengar, motsetningar og tendensar, men også få med dei einskilde ulike innspela og røynslene.

I neste kapittel vil eg presentere empirien, det innsamla materialet på bakgrunn av forskingsintervjua.



## 5.0 Presentasjon av empiri

I denne delen av oppgåva vil eg presentere resultatet av forskingsintervjua. Eg har valt å dele inn emoirien i fire ulike kategoriar. Dette er naturleg seksualitet, intervjupersonen sin kunnskap og røynsler med seksuelle overgrep, avdekkingsmetodar og barnehagen som avdekkingsarena.

### 5.1 Naturleg seksualitet

På spørsmålet om korleis barnehagelærarar kan bidra til at barna utviklar eit medvite forhold til retten over eigen kropp, og respekt for egne og andre sine grenser nytta Lene tilpassa barnelitteratur som ligg framme for barna. I tillegg fortalde ho at det kjem naturleg med spontane samtalar om grensesetting når barna viser seg fram for kvarandre. Ho meinte barn er spontane, og det er i det augeblikket det er viktig å ta samtalen. Planlagt samtale om naturleg seksualitet tenkte Lene barna er for små til, men dei nytta litteratur som handlar om naturleg seksualitet og om korleis barn blir til, som barna brukar å leite fram å ville sjå i.

Eva har erfart at samtalar med barna om å respektere kvarandre er særst viktig, og ho trekte fram kor viktig det er å anerkjenne barna. Ho tok garderobesituasjonen som døme der vi vaksne skal ha meiningar om kva barna skal ha på seg, og at klede kjennast ulikt på blant dei einskilde barna. Eva sa vi må anerkjenne kjenslene til kvarandre. Når dei set opp månadstema i barnehagen kan dei ha tema om kropp og alt det inneber. Ho fortalde dei nytta litteratur om kjensler og om kroppen, og det blir heldt samtalar med barna.

Randi meinte personalet kan bidra ved å ha samtale med barna i små grupper der dei kan bruke visuelle bilder som støtte. Ho viste også til barnelitteratur som ein kan nytte. Temaet blir tatt opp altfor lite i barnehagen. Mest når ein er usikker eller får ei dårleg magekjensle.

## 5.2 Intervjupersonen sin kunnskap og røynsler med seksuelle overgrep

Lene har halde seg oppdatert på eige initiativ, men har i regi av jobben vore på kurs hjå Stine Sofie stiftelsen og barnevernet. Ho meinte personalet har for lite kurs om dette temaet. Randi har også vore på nokre små kurs i regi av barnehagen med blant anna barnevernet. Ho held seg fagleg oppdatert på eige initiativ gjennom å lese artikkelar frå internett. Eva fekk kunnskap om barn som blir utsett for seksuelle overgrep gjennom ei røynsle med eit barn som vart utsett for seksuelt overgrep. Ho kan ikkje hugse å ha vore på kurs, men fekk besøk med foredrag av Stine Sofie stiftelsen i etterkant av det avdekte overgrepet.

På spørsmålet om kva som gjer at intervjupersonen får mistanke om at eit barn kan vere utsett for seksuelle overgrep, fortalde Randi at ho får mistanke når eit barn er over normalt interessert i kroppen. Ho forklarte at alle barn i fire-fem års alderen er interessert i kroppen, men det er nokre som tek den litt lenger. Det kan vere å ta fingrar inn i ulike hol og dei ligg nakne opp på kvarandre. Både Lene og Eva får mistanke når barn fortel eller kjem med uttrykk som vi er kjent med at barn ikkje snakkar om. Andre teikn som gjorde at Eva fekk mistanke om seksuelt overgrep var kjensleutbrot, barnet tissa seg ut og hadde ofte urinvegsinfeksjon. Lene fortalde at mistanken kan kome ved at barnet endra åtferd, nokre kan bli urolege, redde og dei kan vise angst eller uro. Eller ein kan sjå det ved fysiske teikn som blod, sår og blåmerke på plassar der det ikkje er normalt, som blant anna bak øyret.

Eva nytta ordet opprørt når ho får den vonde magekjensla.

Då har eg tenkt som så, at ok dette gjer meg litt opprørt, her må eg innhente meir informasjon. Eg må finne ut om eg har bakgrunn for å ha desse tankane eg har. Då har eg innhenta meir informasjon, gjerne frå dei eg arbeidar saman med sjølv sagt. Og kanskje om barnet har gått på ei anna avdeling ( ...) har eg fått innhenta litt meir opplysningar. Når eg føler at det har vore ting som framleis skurrar, då vel eg å ta det opp, med då eventuelt foreldre.

Då Randi fekk den vonde magekjensla tok ho ein samtale med dei andre i personalet, og vidare opp i leiarteamet i barnehagen. Der vart dei samde om at det måtte bli tatt vidare. Ho tok ein samtale med mor til barnet ho var bekymra for, og dei vart einige om at Randi skulle ringe helsestasjonen. Etter samtale med helsesøster vart ho anbefalt å ta det vidare til incestsenteret i kommunen. Ho var konkret i bekymringa til både helsesyster og incestsenteret, men etter kontakt med foreldra i etterkant fekk ho vite at dei ikkje hadde høyrte noko. Den vonde magekjensla fortsette og Randi var ikkje overtydd. Neste steget var politiet, men det vart ikkje gjort. Barnet drog over i skulen og Randi informerte skulen om bekymringa.

Lene fortalde at barn kan snakke mykje om ting som gjer at du blir usikker, men ho opplever det som vanskeleg å vite om det er noko eller om barnet berre er nyfiken? Om ho får ei bekymring vil ho ta det opp med styrar, men om bekymringa er vag vil ho observere meir, og skrive ned observasjonane ordrett. Ho vil drøfte bekymringa med kollegaer og eventuelt ta ein anonym telefon til barnevernet. Er det eit klart tilfelle vil styrar ta kontakt med barnevernet. Også Eva trekte fram kor viktig det er å føre loggskjema.

På spørsmålet om intervjupersonane opplever det som tabu å snakke om seksualitet og seksuelle overgrep, opplevde ikkje Randi det som tabu men vanskeleg. Ho fortalde at mange i personalet er redde for å trakke feil og vere med å øydeleggje familiar. Randi hadde berre gode røynsler med å snakke om det med foreldre. Også Lene synast det var vanskeleg, og opplevde det som litt tabu. Ho fortalde at det er ikkje noko ein ynskjer å hamne opp i, og ein er redd for at det ikkje skal vere noko og tenkjer på forholdet ein skal ha med føresette i etterkant. I barnehagen til Eva har ho opplevd tema som utydeleg og usynleg, men i motsetnad til dei to andre barnehagane fortalde ho at det har endra seg i etterkant og barnehagen har fått ei større bevisstgjeringsprosess rundt det. Det har blitt betre.

Verken Lene eller Randi har vore med å avdekt eit seksuelt overgrep blant barna i barnehagen. Eva som hadde vore med på å avdekkje eit seksuelt overgrep fortalde dette om prosedyren i forkant:

Vi hadde eit barn der vi opplevde dette med fysiske teikn. Barnet hadde tissa seg mykje ut og hadde gjentatte urinvegsinfeksjonar. Bekymringa vart tatt opp gjentatte gongar, og barnet vart vist til både lege og helsestasjon. Dette var eit barn som klarte å komme ut av bobla sjølv, og fortalde først utanfor barnehagen og seinare i barnehagen at eit seksuelt overgrep hadde skjedd.

### **5.3 Avdekkingsmetodar**

Hjå alle intervjupersonane sette dei dialog med barna høgt, og nytta det som ei metode i avdekkingsarbeidet av seksuelle overgrep blant barna. Lene verdsette spontane dialogar med barna om grenser, og om gode og vonde løyndomar. Ho har snakka med barna om at visst dei får vite løyndomar, så er det ikkje slik at alle skal vite om dei. Om derimot løyndomane gjer det slik at du får vondt inn i deg, så må du fortelje om det til ein annan vaksen. Eva har dialog med alle nye barnegrupper kvar haust. Då tek ho opp tema som grensesetting, lytting og at det er viktig å respektere kvarandre.

Randi hadde planlagt ein samtale med barna om kropp, løyndomar og grenser. Den måtta ho ta spontant med ei lita gruppe blant dei eldste barna, og brukte då eigen kropp som døme. Ho fortalde til barna at det er lov å seie nei om ein kjenner at ting som vert gjort er ekkelt. I etterkant av samtalen fekk ho vite at eit av barna hadde nekta å blitt vaska av mor si, fordi Randi hadde sagt at kroppen høyrde til ho. Då hadde det kanskje gått litt inn hjå barnet fortalde Randi. Ho har planar om å ha fleire samtalar, og vil då ta i bruk litteratur som støtte. Både Eva og Lene har nytta tilpassa litteratur om kroppen i arbeidet med barna.

Alle intervjupersonane fortalde at dei ser etter teikn hjå barna. Randi har nytta observasjon som avdekkingsmetode. Ho observerer samspelet mellom barnet og foreldra, og om dei vil til mor eller far i hente- og bringesituasjonar. Ho ser også etter fysiske teikn som gripetak og blåmerke som Lene også nemnte. Eva hadde røynsler med andre fysiske teikn som urinvegsinfeksjonar og tisse seg ut.

Både Lene og Eva er vår på kva barna fortel eller snakkar om. Dei fortalde at dei kan få ei vond magekjensle dersom eit barn pratar om ting dei ikkje burde vere kjent med. Alle intervjupersonane meinte teikn på seksuelle overgrep kan vere barn som brått byrjar å følgje ein vaksen i barnehagen, og får ulike kjensleutbrot. I tillegg fekk Randi den vonde magekjensla då eit barn hadde utagerande seksualisert åtferd.

#### **5.4 Barnehagen som avdekkingsarena**

På spørsmål om korleis dette temaet får fokus i barnehagen hjå intervjupersonane og kva tiltak barnehagane har for å forhindre og avdekkje seksuelle overgrep, svarte alle intervjupersonane at det ikkje er nemnd i Årsplanen til dei ulike barnehagane. Både Lene og Randi meinte dei har vore på for få kurs om avdekking av seksuelle overgrep, og temaet har for lite fokus i barnehagen. I barnehagen til Eva derimot hadde avdekkingsarbeid av både seksuelle overgrep og vald fått meir fokus. Dei tek opp tema på personalmøte og avdelingsmøte der dei drøftar ulike teikn å sjå etter osv. I barnehagane til Eva og Randi har dei månadstema der avdelingane kan velje å ha kroppen som tema.

Alle intervjupersonane meinte barnehagen må bli betre som avdekkingsarena. Eva sa at slik som tida har blitt er dette er noko ein berre må ta stilling til, og barnehagen må auke fokuset. Randi prøvde å få til eit opplegg for barna gjennom incestsenteret, men som ikkje vart gjennomført. Ho fortalde om eit normalt samarbeid med helsestasjon og barnevernet, der dei sikkert hadde fått kurs til barnehagen om dei hadde ytra ynskje om det.

På bakgrunn av innsamla empiri vil eg vidare i neste kapittel drøfte problemstillinga mi om korleis barnehagelærarar arbeidar for å avdekkje seksuelle overgrep blant barnehagebarn i lys av teori eg har lagt til grunn for undersøkinga mi.

## 6.0 Drøfting

I dette kapittelet vil eg drøfte problemstillinga mi om korleis barnehagelærarar arbeidar for å avdekkje seksuelle overgrep blant barna i barnehagen. Eg vil drøfte problemstillinga ut i frå empirien og i lys av relevant teori og forskning som er gjort på området. Ut i frå innsamla empiri vel eg å drøfte korleis barnehagelærarar arbeidar med temaet naturleg seksualitet, om barnehagen som avdekkingsarena og eg vektlegg korleis barnehagelærarar arbeidar frå dei vert bekymra og til dei handlar.

### 6.1 Naturleg seksualitet

I denne delen vil eg drøfte korleis intervjupersonane arbeidar med naturleg seksualitet i barnehagen.

Ifølgje Aasland (2015, s. 77-78) skal vi snakke med barna i barnehagen om seksualitet. Intervjupersonane fortel at det kan opplevast som litt tabu eller vanskeleg å snakke om seksualitet og seksuelle overgrep. Tabu er dei tema ein ikkje snakkar om i kulturen, det som er forbode eller så privat at ein ikkje snakkar opent om det til sine aller nærmaste ( Lilleberg & Rieber- Mohn, 2010, s. 28). Kvifor kan det opplevast som litt tabu å snakke om seksualitet og seksuelle overgrep? Kan det kome av at det oppfattast som ein privatsak av den vaksne, og at det difor er ubehageleg å snakke om? Er vi redde for å legge ord i munnen på barnet? Eller meiner vi dette området er foreldra sitt ansvar? ( Aasland, 2015, s. 104-108).

At det kan vere vanskeleg å snakke med barn om seksualitet og seksuelle overgrep stemmer med Øvreeide (2009, s. 12-13) som hevdar at samtale med barn ofte har blitt oppfatta som vanskeleg, og blir difor unngått. På den andre sida skriv Gjems ( 2011, s. 43 ) at kvardagssamtalane er den forma for språklege interaksjonar som vi finn mest av i barnehagen, og desse samtalane kjem spontant i alle ikkje-planlagde interaksjonar mellom barn og mellom barn og barnehagepersonale. Hjå alle intervjupersonane mine set dei dialog med barna høgt, og nyttar det som ei metode i avdekkingsarbeidet av seksuelle overgrep blant barna. Lene verdset spontane dialogar med barna, og ho meiner det er i det augeblikket det er viktig å ta samtalen.

På spørsmålet om korleis barnehagelærarane arbeidar med naturleg seksualitet, om grensetting og løyndomar fortel Randi at ho hadde planlagt ein samtale med barna om kropp, løyndomar og grenser. Den måtta ho ta spontant med ei lita gruppe blant dei eldste barna. Fleire planlagde samtalar har ho ikkje hatt. Skarpsno ( 2013, s. 49) meiner barna sin seksualitet må settast på dagsorden i barnehagen. Eva som har vore med på avdekking av eit seksuelt overgrep har som fast rutine å ta opp tema om avdekking kvar haust med medarbeidarar på sin avdeling, i tillegg til at ho har dialog med alle nye barnegrupper kvar haust. Blir vi meir medvitne og prioriterer arbeidet med avdekkingsarbeid i barnehagen i større grad først i etterkant av eit avdekt seksuelt overgrep?

Kva med samtalar med barna om naturleg seksualitet? Walsøe Lehn ( 2016) spør om korleis eit barn skal ha mot til å seie i frå at nokon gjer ting med kroppen deira når vi ansvarlege rundt ikkje vil snakke om det eller sette fokus på det naturlege kroppslege? Ifølgje Gamst (2011, s. 88) rapporterer barn som har vore utsett for eit seksuelt overgrep om røymsler som å ikkje bli spurt. Kan det hevdast at barnehagen gir barna for få sjansar å fortelje, og har vi mot til å spørje om det foregår eit seksuelt overgrep?

## **6.2 Barnehagen som avdekkingsarena**

I denne delen vil eg drøfte korleis barnehagen som organisasjon arbeidar som avdekkingsarena av seksuelle overgrep blant barna i barnehagen.

Funn frå mi undersøking viser at informantane held seg fagleg oppdatert på eige initiativ, og alle intervjupersonane meiner barnehagen bør ha meir fokus på temaet om avdekking av seksuelle overgrep. Kvifor føler intervjupersonane at barnehagane prioriterer dette så lågt? Undersøkinga frå Trøndelag forsking og utvikling ( Naper et al, 2017) synte at heile 92 % av barnehagane frå undersøkinga hadde tatt opp tema i personalgruppa siste året. Årsaker til at dette kjem ut ulikt kan vere på den eine sida fordi eg har eit lite utval informantar. På den andre sida kan vi spørje oss om reliabiliteten er sikker ved ein slik undersøking? Kan



undersøkinga ha vore prega av kva styrarane har oppfatta fell innanfor å ha fokusert på tema? Ein annan mogleg forklaring kan vere at undersøkinga har vore utført i nokre særskilde kommunar, og ulike kommunar har opplevd fleire overgrep enn andre og har difor større fokus?

Ifølgje Nordhaug ( 2014, s. 81) er barn mest utsette for seksuelle overgrep i alderen frå 3- 5 år. Barn er i liten grad i stand til å beskytte seg mot overgrep og dei har ofte vanskar med å fortelje om dei, så det er difor avgjerande at ansvarlege personar rundt dei avdekkjer dei seksuelle overgrepa og melder frå til politiet eller andre relevante instansar (Kripos, 2016, s.3). At antal anmeldelser er størst i aldersgruppa 5-9 år kan kome av at barna i tidleg alder manglar verbalt språk eller dei ikkje veit dei er utsett for eit overgrep. I rapporten til Kripos (2016, s. 18-19) ser vi at 8 av 10 førskulelærarar svarer dei har fått utilstrekkeleg kunnskap om fysiske og seksuelle overgrep mot barn med omsyn til sitt framtidige yrkesarbeid. Dette stemmer med mi eiga oppfatning etter snart fullført studie. Den manglande opplæringa kan føre til at ein ikkje fangar opp typiske signal frå barn som er utsett for overgrep, men som ikkje fortel om det direkte ( 2016. s.18- 19).

Ifølgje *Rammeplan for barnehagen* ( Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 13) skal vi som barnehagelærarar vite korleis seksuelle overgrep kan bli førebygd og oppdaga. Då eg gjekk inn i undersøkinga hadde eg med ei førforståing av at barnehagelærarar har lite kunnskap om ulike avdekkingsmetodar av seksuelle overgrep blant barnehagebarn. Dette har eg endra syn på då intervjupersonane hadde mykje kunnskap om førebyggingsarbeid. Kan det hevdast at vi har mykje kunnskap men prioriterer avdekkingsarbeidet for lågt? Burde det vore nedfelt i samfunnsmandatet at vi er pliktige å jobbe meir systematisk førebyggjande? På den måten hadde kanskje rapporten frå Kripos ( 2016) synt andre tal av rapportering av overgrep i aldersgruppa 0-4 år? Eller kan det tenkjast at det er når barna går over i skulen ein bør setje inn eit større fokus?

### 6.3 Frå bekymring til handling

I denne delen vil eg drøfte korleis barnehagelærarar arbeidar frå når dei vert bekymra og får den vonde magekjensla, og til dei handlar.

Funn frå undersøkinga mi viser at alle informantane kjenner på ei vond magekjensle når dei vert uroa for eit barn. Claussen ( 2001, s. 14-15) definerer denne kjensla i form av magekjensle og udefinerbar bekymring. På spørsmålet om i kva grad intervjupersonen har opplevd å gå rundt med ei vond magekjensle og kva ho gjorde med kjensla, svarte Eva at ho vil innhente meir informasjon, sjekke logg og drøfte med kollegaer. Dette er i tråd med Aasland ( 2014, s. 70-71) som hevdar ein skal stole på magekjensla si. Når ein får ei dårleg magekjensle er det noko med barnet som gjer deg uroleg, og ein skal snakke med kollegaer og høyre om dei også har opplevd at noko er gale.

Den vonde magekjensla oppstår hjå intervjupersonane når barna pratar om ting dei ikkje burde vore kjend med, når barna tissar seg ofte ut og har gjentatte urinvegsinfeksjonar. Alle er samde i at dei vert bekymra om barna får ei brå endring av åtferd, får kjensleuttrykk, eller brått byrja å følgje ein vaksen i barnehagen. Ifølgje Claussen ( 2001, s. s. 81) er eit av forholda i barnehagen som bør registrerast og observerast seksualisert språk og åtferd. Dersom vi observera slike bør vi sjå nærare på forhold som er utløysande og forsøkje å gje mest mogleg konkret og spesifisert framstilling av åtferda. Ettersom årsaksforholda kan vere samansette og kompliserte, bør registrerte observasjonar eventuelt vurderast av eller i samarbeid med fagfolk med særskild kompetanse. Det var dette som gjorde at Randi vart bekymra, og prøvde å få til då ho kontakta incestsenteret.

Dersom ein barnehagelærer oppfattar at dei har grunn til sin mistanke om at eit barn er utsett for eit seksuelt overgrep, inntreffer meldeplikta til barneverntenesta (Eriksen og Germeten, 2014, s. 154). I slike tilfelle skal ikkje foreldra varslast før ei bekymringsmelding sendast. Eva nemnte ho ville kanskje ta opp bekymringa med føresette, medan Randi valde å ta opp bekymringa si med føresette på eit tidleg tidspunkt. Desse samtalanane førte til at både helsestasjon, lege og incestsenter vart kopla inn. Kvifor vel ikkje informantane å ta ein

anonym samtale med barnevernet? Ifølgje Aasland ( 2004, s. 84-87) ville nok fleire barn fått hjelp om alle tilsette hadde følgt anbefalt framgangsmåte i seksuelle overgrepssaker. Kan dei mange rollene til barnehagelæraren føre til at dei prioriterer foreldresamarbeidet høgast? Og i tilfelle kvifor? Kan det vere fordi det er eit lite lokalsamfunn der ein er redd for at alle rundt får vite? Eller kan det også tenkast at barnehagelærarar har eit for personleg forhold til føresette, og er for naive til å tru dei kan utføre seksuelle overgrep?

Om barnehagelæraren får ei vond magekjensle kan ein velje om ein vil gjere noko med kjensla eller ikkje. Dersom ein får ei bekymring om at eit barn kan vere utsett for eit seksuelt overgrep er ein pliktig å ta kontakt med barnevernet. Men er det verkeleg slik at om ein vel å ta opp bekymringa med andre instansar er ein fritatt meldeplikta? Barnevernlova er klar på at barnehagepersonalet skal av eige tiltak gje opplysningar til barneverntenesta, når det er grunn til å tru at det førekjem alvorleg omsorgssvikt. Den vonde magekjensla til Randi forsvann aldri etter ho kontakta incestsenteret, og etter samtalar med føresette i etterkant av bekymringa. Ifølgje Lilleberg og Rieber-Mohn (2010, s, 15) skal ein melde saka på nytt til barnevernet, dersom ein har ei varig bekymring i ei sak. Dette skal ein også gjere om ein har meldt same forhold tidlegare.

Kvifor vel barnehagelærarar å involvere føresette i bekymringssaker på eit tidleg stadie? Claussen ( 2001, s. 124) hevdar at dersom dei tilsette i barnehagen er usikre på om barnet sin situasjon ikkje er tilfredsstillande, har dei plikt til å ta dette opp med foreldra. Saman med foreldra kan det vere aktuelt å drøfte situasjonen vidare med eksterne samarbeidspartnarar. Likevel er han tydeleg på at foreldra ikkje skal informerast dersom ein mistenkjer seksuelle overgrep. Kan det vere at når ein barnehagelærar berre har ei vag magekjensle er det mest naturleg å ta ein dialog og luften bekymringa med føresette? Eller kan det også tenkast at det er for høg terskel for barnehagelærarar å ta kontakt med barnevernet? (Eriksen og Germeten, 2014, s. 183). Har barnehagen for lite kunnskap om kva barnevernet gjer og korleis dei arbeidar? Eller kan det hevdast at media har vore med å gitt barnevernet eit ufortent dårleg rykte som gjer at steget for å ta kontakt har blitt større? (Eriksen og Germeten, 2014, s. 183).

Både Randi og Lene synast at det er vanskeleg å snakke om seksuelle overgrep blant personalet, og meiner personalet er redde for å trakke feil og vere med å øydeleggje familiar. Ikkje minst tenkjer dei på forholdet dei skal ha med føresette i etterkant av ei innsendt bekymringsmelding. Ifølgje Eriksen og Germeten ( 2014, s. 183) meiner Eriksen at dette er ein av årsakene til at personalet let vere å sende inn bekymringsmelding. I eit av tilfella førte arbeidet til informanten til at eit overgrep vart avdekt, i det andre tilfellet stoppa saka opp ved incestsenteret. Var det mangel på bevis, eller kunne det komme av at føresette var informert?

Til slutt i oppgåva vil eg gje eit samandrag og konklusjon av korleis barnehagelærarar arbeidar for å avdekkje seksuelle overgrep blant barna i barnehagen. Eg vil sjå på samanhengen mellom teori, analyse, resultat og drøfting.

## 7.0 Avslutning og konklusjon

Målet mitt med denne bacheloroppgåva var å tileigne meg meir kunnskap om arbeidsmetodar om korleis eg som barnehagelærar kan arbeide for å avdekkje seksuelle overgrep blant barnehagebarn. Eg ynska å finne ut kva kunnskap og røynslar ulike barnehagelærarar sit på og korleis dei praktiserer den.

Gjennom undersøkinga har eg funne ut at barnehagane prioriterer tema lågt, og først etter at det har vore avdekt eit tilfelle av seksuelt overgrep på eit barn i barnehagen, har fokuset auka. Intervjupersonane har nytta ulike arbeidsmetodar som å sjå etter ulike teikn, spontane og strukturerte samtalar og observasjon. Dei opplever tema som vanskeleg, men viktig.

Eg har drøfta korleis barnehagelærarar arbeidar med naturleg seksualitet, om korleis barnehagen som organisasjon arbeidar med avdekkingsarbeid av seksuelle overgrep, og korleis barnehagelærarane arbeidar frå dei vert bekymra og får den vonde magekjensla og til dei handlar. Det som eg ser på som aktuelt å undersøke meir på etter mine funn, og som eg kunne tenkt meg å ha gjort er å ha utført ein større kvantitativ undersøking for å finne ut i kva grad barnehagar prioriterer avdekkingsarbeid. Har barnehagar som har opplevd overgrep større fokus, og i kva grad har mediedekning i dei særskilde kommunane påverka avdekkingsarbeidet?

Min konklusjon etter å ha undersøkt korleis ulike barnehagelærarar arbeidar for å avdekkje seksuelle overgrep blant barnehagebarn er at informantane held seg fagleg oppdaterte, dei ser etter teikn og dei verdset særskilt spontane dialogar og observasjon som arbeidsmetode i avdekkingsarbeidet.

## 8.0 Litteraturliste

Barnehagelova. ( 2005). *Lov om barnehager*. Henta frå

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova>

Bergsland, M.D., & Jæger, H. (2014). Bacheloroppgaven. I: M.D. Bergsland & H. Jæger (Red.), *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. (s. 66-67). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Claussen, C. J. (2001). *Det er noe med den ungen. Fra bekymring til handling*. Oslo: Sebu Forlag.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. 5.utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Eriksen, E., & Germeten, S. (2014). *Barnevern i barnehage og skole. Møte mellom barn, foreldre og profesjoner*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Gamst, K.T. (2011). *Profesjonelle barnesamtaler. Å ta barn på alvor*. Oslo: Universitetet.

Gjems, L. (2011). Hverdagssamtalene-barnehagens glemte læringsarena? I: L. Gjems & G. Løkken (Red.), *Barns læring om språk og gjennom språk* (s. 43-46). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Kripos (2016). Seksuelle overgrep mot barn under 14 år. Henta 08.desember 2017 frå

[https://www.politiet.no/globalassets/05-aktuelt-tall-og-fakt/overgrep/seksuelle-overgrep-mot-barn-under-14-ar\\_web.pdf](https://www.politiet.no/globalassets/05-aktuelt-tall-og-fakt/overgrep/seksuelle-overgrep-mot-barn-under-14-ar_web.pdf)

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgaver*. Oslo: Pedlex.

Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Lehn, E. W. (2016). Hvordan kan barn fortelle om seksuelle overgrep, når kropp er tabu?  
Henta frå

<http://barnehage.no/helse/2016/02/hvordan-kan-barn-fortelle-om-seksuelle-overgrep-nar-kropp-er-et-tabu/>

- Lilleberg, E., & Rieber-Mohn, T. (2010). *Når barns atferd gjør deg bekymret: Samarbeid med barnevernet til barnets beste*. Oslo: PEDLEX Norsk Skoleinformasjon.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Myhren, L., & Steinsbekk, S. (2000). *Avdekking av seksuelle overgrep mot små barn- barnet, metoden og den sakkyndige*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Naper, L.R., Haugum, M., Nilsen, R. D., Sivertsen, H., Stene, M., & Ekmann, L. (2016). Spørsmål til Barnehage- Noreg 2016. (rapport) Henta frå <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/sporsmal-til-barnehage-noreg-2016/>
- Nordhaug, I. (2014). Barn som lever med omsorgssvikt, vold eller seksuelle overgrep. I: B.I.B. Hvidsten (Red.), *Spesialpedagogikk i barnehagen* (s. 80-92). Bergen: Fagbokforlaget.
- Redd Barna (s.a). Vold og overgrep. Henta frå <https://www.reddbarna.no/forstyrret?gclid=CJCltemjp9QCFVBkGQodk4sBPA>
- Skarpsno, H.E. (2013). *Barn og seksualitet*. Oslo: Sebu Forlag.
- Søftestad, S. (2009). *Seksuelle overgrep. Frå privat avmakt til tverretatlig handlekraft*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Øvreeide, H. (2009). *Samtaler med barn. Metodiske samtaler med barn i vanskelige livssituasjoner*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Aasland, M. W. (2004). *Si det til noen. En bok om seksuelle overgrep mot barn og unge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Aasland, M. W. (2014). *Si det til noen. En bok om seksuelle overgrep mot barn og unge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Aasland, M. W. (2015). *Barna og seksualiteten*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

## 9.0 Vedlegg

### Vedlegg 1 Samtykkjeskjema

####, 12.09.17 Samtykkjeerklæring til barnehagetilsette

## Førespurnad om deltaking i bacheloroppgåve

### Bakgrunn og føremål

Eg studerer i 3.klasse ved barnehagelærerutdanninga ved #####, og er nå godt i gang med bacheloroppgåva mi. Problemstillinga mi er å finne ut korleis barnehagelærarar arbeidar med å avdekkje seksuelle overgrep blant barnehagebarn. Etter snart fullført studie saknar eg meir kunnskap om emnet, og med teori om at 75 prosent av overgrep blir avdekt ved hjelp av vaksne ser eg kor viktig det er at eg har kunnskap.

Eg er på jakt etter barnehagelærarar som har røynsler eller kunnskap om korleis ein kan jobbe for å avdekkje overgrep blant barnehagebarn. For å få informasjon til problemstillinga mi har eg vald ein kvalitativ forskingsmetode, der eg gjer eit strategisk utval blant informantar som kan bidra, og som eg vil intervjuje. Eg treng mellom tre-fire intervjupersonar.

### Kva inneber deltaking i studien?

Vi avtaler stad og tid. Til intervjuet vil eg bruke lydopptaker, då eg i etterkant skal transkribere og analysere materialet. Under intervjuet vil vi kome inn på ulike avdekkingsmetodar, tabuisering og samtalar.

### Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysingar vil bli behandla konfidensielt. Det er berre eg og rettleiar som vil ha tilgang til opplysingane, og alt vil bli anonymisert. Både eg og rettleier har teieplikt.

Prosjektet skal etter planen avsluttast 05.01.18, og då vil alle lydfiler bli sletta, og du kan få eit eksemplar av oppgåva om du er interessert. Om eg skulle vere så heldig å få ein toppkarakter vil oppgåva ligge ute på høgskulen sine sider. Intervjuperson vil sjølvsagt ikkje kunne gjenkjennast i publikasjon.



### **Frivillig deltaking**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan å oppgje nokon grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysningane om deg bli sletta.

Dersom du ynskjer å delta eller har spørsmål til undersøkinga, ta kontakt med

#####

Rettleiar ##### ved Høgskulen i #####

Vennleg helsing #####

### **Samtykke til deltaking i undersøking**

Eg har mottatt informasjon om undersøkinga, og er villig til å delta

-----  
(Signert av prosjektdeltaker, dato)

## Vedlegg 2 Intervjuguide

Kva utdanning og yrkestittel har du?

Kor lenge har du jobba i barnehage?

Kva aldersgruppe er du pedagogisk leiar for i noverande barnehage?

I den nye *Rammeplanen for barnehagen* ( Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 32) står det at personalet skal bidra til at barna utviklar eit medvite forhold til retten over eigen kropp, og respekt for eigne og andre sine grenser. På kva måte tenkjer du ein kan eller bør legge til rette for det?

I kva grad blir det halde samtale / temaarbeid om kropp og naturleg seksualitet med barna i barnehagen?

Korleis har du tileigna deg kunnskap om barn som utsettast for seksuelle overgrep?

- Har du som ansatt fått tilbod om kurs ol om dette tema? På kva måte held du deg fagleg oppdatert?

Kva er det som gjer at du får mistanke om at eit barn kan vere utsett for seksuelle overgrep?

I kva grad har du opplevd å gå rundt med vond magekjensle? Kva gjorde du med kjensla?

- Observasjon / diskutere med personale/styrrar

Opplever du at det er tabu å snakke om seksualitet og seksuelle overgrep i barnehagen? Med barn, føresette og anna personale?

Har du vore med å avdekt eit overgrep mot barn før? Om ja, korleis gjekk det føre seg i forkant?

På kva måte arbeidar du med å avdekkje seksuelle overgrep blant barnehagebarn?

Har du halde eller vore del av ein samtale med barn om kropp og grensesetting, og gode og vonde løyndomar?

- Korleis opplevde du barna sine reaksjonar i etterkant?
- Når kan og bør ein byrje med slike samtalar med barna meiner du?
- Kor ofte bør ein ha slike samtalar?

Har du brukt litteratur eller andre konkrete ting i arbeidet med å avdekkje seksuelle overgrep?

Er det noko du vil tilføye eller nokre røynsler som du vil trekke inn?

Korleis får dette temaet fokus i din barnehage?

- Årsplan, planleggingsdagar

Kva tiltak har barnehagen i forhold til å forhindre og avdekkje seksuelle overgrep?

- Til døme eksterne samarbeidspartnarar som helsestasjonen